

Årsmelding april 2018 til mars 2019 for bestandsplanområdet for hjort, Lindås Nord og Masfjorden

Eit år er gått sidan forrige årsmøte. På årsmøtet den 11.april 2018 vart det blant anna framsett arbeidsplan for 2018, det var gjennomgang av økonomi som viste eit årsresultat på 946,70 kr for 2017 og det var val for valnemd og styret.

Medlemmar i valnemnda vart dei same som var i frå før:

- Olav Kåre Tverberg
- Hans Magne Haukeland
- Malvin Toft

I styret tok Yngvar Rasmussen over som leiar frå Tor Roger Romarheim. Medlemslista har for dette året vore som følgjer:

Leiar: Yngvar Rasmussen

Nestleiar: Rune Alling

Medlem: Martin Peter Matre

Medlem: Kristian Kvinge

Medlem: Lars E Haugsvær

Medlem: Sveinung Tveit Mjanger (kasserar for styret)

Varamedlem: Svein Elvik

Varamedlem: Tore Stusdal

Varamedlem: Einar Hærø

Varamedlem: Hans Magne Haukeland

Det vart også trekt eit viltkamera og minnekort blant medlemmane i bestandsplanen som hadde levert inn "settogskutt" til kommunen. Vinnaren vart Hans Magne Haukeland.

Arbeidsplan for 2018

Det vart framsett ein arbeidsplan på årsmøtet:

| | |
|---------------------------------------------------|----------------|
| Arbeidsplan 2018 | |
| Styremøte | Februar |
| Årsmøte | April |
| Frist nye innmeldingar | innan 24 April |
| Nye innmeldingar, ny bestandsplan inn til kommune | innan 1.mai |
| Styremøte | Før jakta 2018 |

Det vart kun holdt eit styremøte i februar, samt årsmøtet i april. Det vart ikkje holdt noko møte før jakta 2018. Dette var det siste året av 3-årsperioden for bestandsplanen og retningslinjene til medlemmane ville vera like som før. Det var derfor ikkje nødvendig med eit styremøte rett i forkant av jakta 2018.

Det kom 1 nytt medlem inn i valdet i løpet av året. Dette er Eiterdalen.

Planlegging av ny 3-årig forvaltningsplan for bestandsplanområde

På nyåret byrja planlegging av forvaltningsplan for 3 nye år i bestandsplanområdet Masfjorden og Lindås Nord gjeldande frå 2019 til og med 2021. Dette året har medført ein del ekstra møteverksamhet for styret, samt møte med Masfjorden kommune for å få dette i hamn. Det har vore drøfta korleis ein skulle gå inn i ein ny 3-årsperiode der ein landa på at forvaltningsplanen vil vera lik som tidlegare. Etter at styret hadde gjort ferdig planen, vart denne framlagt for valda saman med innkallinga til årsmøtet. Den er også vurdert hjå kommunane før ein skal ta den opp til avrøysting på årsmøtet. Viss planen vert godkjend på årsmøtet vert den så oversendt til kommunen med frist innan 1.mai 2019 som så kan gjera eit gjeldande vedtak for å få den i kraft.

I planlegginga er det også kome fram diverse retningslinjer til medlemmar av bestandsplanområdet. Til dømes vert informasjon frå styret heretter sendt på e-post. Det er drøfta ordninga for å gi frå seg/få ekstradyr til andre vald innad i bestandsplanområdet , overføring av dyr frå eit år til neste og føring av "settogskutt". Det vert utfordiga eit infoskriv om dette til medlemmane, skrivet vert diskutert på årsmøtet og godkjend skriv vert sendt til medlemmane før jaktstart.

Vedlagt årsmeldinga ligg referat frå styremøter sidan forrige årsmøte.

Økonomi:

Det vart søkt om 20 000 kr frå kvar av kommunane for drift av bestandsplanområdet i 2018. Begge kommunane var veldig sein med å behandla søknaden og pengane kom ikkje inn på konto før januar 2019. Styret har uttrykt sin misnøye med den seine behandlinga og meinar dette set ein stoppar for initiativ. Det var kun 946 kr igjen på konto frå 2017.

Kostnaden for drift av bestandsplanområdet i 2018 var 12631,32 kr og inntekt var 0 kr. Årsresultatet er med andre ord -12631,32 kr og dette er gjeld som ein tok med seg inn i 2019. Etter at midlar frå kommunane kom er alt dette betalt.

Vedlagt ligg resultatrekneskap og balanserekneskap for året 2018.

No når midla frå kommunane for 2018 er komen så er økonomien betre og ein har etter to styremøter i 2019, 21 588,06 kr på konto for vidare drift.

Resultatrekneskap for 2018

| | |
|--------------------------------------------------|---------------|
| Inntekter | |
| - Offentlege tilskot | NOK 0,00 |
| - Renteinntekter | NOK 0,00 |
| Sum inntekter | NOK 0,00 |
| | |
| Kostnader | |
| Oppmøtegodtgjerdssle | NOK 2800,00 |
| Reisegodtgjersle | NOK 1661,32 |
| Årleg eingangsgodtgjersle til styrar og kasserar | NOK 7000,00 |
| Andre driftskostnader | NOK 1170,00 |
| Sum kostnader | NOK 12631,32 |
| | |
| Driftsresultat | -NOK 12631,32 |
| | |
| Finanspostar og ekstraordinære postar | |
| - ekstraordinær inntekt | NOK 0,00 |
| Sum finanspostar og ekstraordinære postar | NOK 0,00 |
| | |
| Årsresultat | -NOK 12631,32 |
| | |
| | |

Balanse for 2018

| | |
|-----------------------------|----------|
| | |
| Eigendelar | |
| Anleggsmidlar | 0 |
| Omløpsmidlar | |
| - bankinnskot | 946,70 |
| Sum eigendelar | 946,70 |
| | |
| Egenkapital og gjeld | |
| Egenkapital | |
| Innskoten egenkapital | 946,70 |
| sum egenkapital | 946,70 |
| | |
| Gjeld | |
| kortsiktig gjeld | |
| Anna kortsiktig gjeld | 12631,32 |
| Sum gjeld | 12631,32 |
| | |
| | |

Budsjett for 2019 - Bestandsplanområde for hjort, Lindås Nord og Masfjorden.

| | Utgifter | Inntekter |
|-------------------------------------------------------|----------|-----------|
| Offentlege tilskot for 2018 | | 40000 |
| Offentlege tilskot for 2019 | | 40000 |
| Reiserekningar 2019 | 8000 | |
| Oppmøtegodtgjersler 2019 | 8400 | |
| Eingangsgodtgjersle for leiar og kasserar 2019 | 7000 | |
| Annet 2019 | 43968,68 | |
| Nedbetaling av gjeld frå 2018 | 12631,32 | |
| Totalsum | 80000 | 80000 |

1: Det er berekna reiserekning på 8 000 kr. Dette tilsvrar 4 møter med ca 6 deltagarar i løpet av året basert på gjennomsnitt av kva reiserekningar har kosta så langt i 2019 (fram til 01.mars) blant dei som har vore på møter.

2: Det er berekna 8400 kr i oppmøtegodtgjersler for styrets medlemmar. Godtgjersla er på 350 kr per møte og er berekna ut på 4 møter i løpet av året med 6 deltagarar.

3: Det er berekna eingangsgodtgjersle kvart år til leiar på 5000 kr og 2000 kr til kasserar.

4: Det er berekna 43968,68 kr til andre utgifter. Dette kan t.d vera innkjøp av premiar for registrering av sett og skutt, kurs for styrets medlemmar for å auka kunnskap innan forvaltning eller midlar til eventuell rådgivning. Inni denne posten er det også berekna å byggja opp ein buffer for uforutsette utgifter som kan dukka opp. Dette har spesielt vore viktig då det viser seg at det kan ta særslig lang tid før kommunane betalar ut midlar og ein ynskjer ikkje å koma i same posisjon på nyttder ein ikkje kan betala rekningar eller ikkje kan utføra gjeremål som medfører kostnadar på bakgrunn av for liten eigenkapital.

Møtereferat 30.01.2019

Tilstede på styremøte.

- Yngvar Rasmussen
- Rune Alling
- Martin P Matre
- Sveinung Mjanger

Innkommet forslag.

Sveinung Mjanger ytret ønske om at kasserer og forman får møtegodtgjørelse på lik linje som de andre styremedlemmer i tillegg til den faste summen som er for disse vervene. Dette begrunnes med arbeidsomfanget som disse vervene er belastet med. Styret var positivt innstilt til dette og enstemmig ble dette vedtatt på møtet.

Oppgaver som ikke er ferdig

Yngvar Tar kontakt med Ottar i Masfjorden kommune og avtaler et møte vedrørende etablering av ny 3 års plan. Yngvar henter også inn statistikker for sett hjort og felte dyr 2016 – 2018.

Martin tar kontakt Med Årbrekke for å høre om det er mulig å få hjelp til å utforme søknad for ny 3-års plan 2019 – 2021. Eventuelt om han har rådata og filer fra forrige plan slik at det er lett å redigere div statistikker.

Sveinung fortsetter å purre Kolås i Lindås kommune slik at de utbetaler omsøkt beløp fra viltfondet for 2018. Vi har nå mottatt 20 000.- fra Masfjorden og venter tilsvarende av Lindås.

Oppmøte.

Det var dårlig oppmøte på styremøtet. For å få i land en ny 3-års plan er det viktig at styremedlemmer engasjerer seg, eller får vararepresentant til å stille i deres fravær. Vi trenger alle de ressurser vi har i styret for å få utarbeidet en ny 3-års plan for storvaldet. De som ikke stiller på møter fremtidig må belage seg på at de vil kunne bli tildelt oppgaver gitt av styret selv om de ikke er tilstede på styremøtet.

Neste møte.

Det vil bli kalt inn til nytt møte når vi har fått på plass de oppgaver som nå var fordelt. Innkalling vil bli sendt via mail.

Yngvar Rasmussen

Leder

Knarvik 30.01.2019

Dato for godkjenning

Møtereferat 21.02.19

Tilstades på styremøte.

- Yngvar Rasmussen
- Kristian Kvinge
- Svein Elvik
- Sveinung Mjanger
- Einar Hærø
- Rune Alling

På møtet vart det drøfta retningslinjer til medlemmar av bestandsplanområdet. Det er drøfta ordninga for å gi frå seg/få ekstradyr til andre vald innad i bestandsplanområdet, overføring av dyr frå eit år til neste og føring av "settogskutt". Rune Alling skal skriva eit infoskriv til valda om dette.

Det vart bestemt at ein i så stor grad som mogleg skal senda informasjon frå styret ut til valda via e-post i staden for postgang. Kristian Kvinge forsøker å henta inn epostar til valdleiarar med hjelp av Ottar Myrtveit i Masfjorden kommune. Ein forsøkjer å ha dette i hamn slik at innkalling til årsmøtet i 2019 vert sendt på mail.

Sveinung Mjanger skal gjera klart årsmelding, inkludert oversikt på økonomi som kan framvisast på årsmøtet.

Yngvar Rasmussen har gjort eit stort arbeid med å lesa ut statistikk frå hjorteviltregisteret som vert brukt til vurdering av bestandsplanen for 2019-2021. Han manglar framleis tal frå nokon vald då alle ikkje har registrert inn "settogskutt" på nettet. Kommunen har ikkje registrert settogskuttskjema som er sendt inn i papirform til dei i fullstendig form. Det tar derfor lenger tid før ein har alle data. Det vil verتا tatt opp på årsmøtet at det framover er krav om at valda sender inn sett og skutt på internett via www.settogskutt.no. Dette er ei enkel løysing som gjer det enkelt for jegarar som er på jakt å registrera. Vidare er det tidsbesparande og meir oversiktleg for kommunen og styret som skal bruka tala som vert registrert.

Yngvar vil setja i gang arbeidet med å ordna skrivet for forvaltningsplan for bestandsplanområdet for åra 2019-2021 og vil legga inn oppdatert statistikk for dei tre siste åra som den forrige forvaltningsplanen gjaldt for.

Det er no komen pengar frå begge kommunane inn til styret for søkte midlar i 2018. Ein fekk totalt 40 000 kr.

Sveinung Tveit Mjanger og Kristian
Kvinge

Styremedlemmar

Sør-Kvingo 12.03.2019

Dato for godkjenning